

### Gratulasjonar og familienytt

Husk fullt namn på den som blir gratulert. Send gjerne med bilete av nyfødde. Gratulasjonar og familienytt er gratis. Maks 30 ord. Innleveringsfrist: Måndagsavisa: torsdag kl. 12.00.

Torsdagsavisa: tysdag kl. 12.00.

Vi returnerer biletet ditt, men legg då ved frimerke og konvolutt.

E-post: [post@grannar.no](mailto:post@grannar.no)

### Omtalar

Send gjerne inn korte omtalar. Innleveringsfrist er tysdag.

Grannar AS

Postboks 84, 5591 Etne

E-post: [redaksjon@grannar.no](mailto:redaksjon@grannar.no)

”

*Den som kan ha fred, skal ikkje vekkja ufred*

IVAR AASEN

## Gratulera med dagen, Ingvar Moe

**Ingvar Moe elska heimbygda si, Etne. No står han igjen og ser utover bygda han alltid vendte tilbake til.**

**ÅSE HJELMERVIK**

Ingvar Moe ville fylt 70 år i dag, noko han sjølv omtala som «fandens gjebusdag». Laurdag fann små og store vegen til Kulturhuset i Etne. Der var det bursdagsfeiring med fotoutstilling og kulturkafé for denne elska diktaren frå Etne, som døydde i september 1993.

### Røykte Spekeskinker

Kabareten «Eg kan» opna dagen på ein flott måte. Denne Ingvar Moe- kabareten var det 6. - 8. klasse ved Enge skule som stod for, ein blid gjeng som har øvd heile veka for å visa produktet sitt.

Per Olav Kaldestad med «Ingvar Moe - slik me såg han, og slik me ser han», og Ola E. Bø med «Løktastolpefrø og språklømar» fortalte om korleis dei kjente Ingvar Moe, og kva rolle han har for oss her i distriktet.

— Eg hadde han som lærar i Sauda, der han måtte vekk for å røyke. Han sat då på loftet på skulen, under spekeskinkene til mor mi, og når me skulle ete dei,

spøka me alltid med at dei var personleg røykt av Ingvar Moe, fortalte Ola E. Bø, som er dramaturg ved Det Norske Teateret.

### Velkommen heim

Så vart det avduking av ei byste av Ingvar Moe, mellom Sjoargarden og Spar. Denne bysta er laga av Vidar B. Mæland, som takkar for tillita.

— Det er utrugig stort for meg å få lov å laga denne bysta av Ingvar, og vonar eg har fått han fram på ein god måte, fortel Mæland. Sjølve avdukinga sto yngste sonen til Ingvar, Bjørn Erik Moe for.

— Far min elska Etne, og når Amund Enge fortalte kva planar dei hadde, og om eg ville vera med, sa eg ja med ein gong. Då eg var å vitja Mæland mens han heldt på med bysta, fekk eg sjå korleis har arbeider, noko som og var svært interessant, sa ein spent Moe.

— Du sakna alltid Etne, no ønskjer eg deg velkomen heim, sa Bjørn Erik Moe idet han avduka bysta av far sin. Han fortel vidare at om faren hadde levd no, hadde han blitt så stolt over bysta at han ikkje hadde halde ut heile dagen.

— Det er dessutan så herleg å kome her til Vestlandet å sjå at folk møter opp sjølv om vèrgudane ikkje er på vår side. Eg takkar alle som møtte opp, avsluttar Moe.



Bjørn Erik Moe trur faren hadde være stolt og kry over bysta si i Etne sentrum.

FOTO: ÅSE HJELMERVIK

Etter å ha tatt ein guida tur rundt sjøen, med Harald Fjøsne, var det Einar Økland, Ingvar Moe sin forlagskonsulent som fortalde korleis Moe var å jobbe med. Dei

som fekk æra av å avslutta 70-årsfeiringa var U.L. Fram med kabareten «Rundt sjøen», med tekstar av Ingvar Moe.